



# ÅRSMELDING FOR NAUSTDAL SOKN – 2025

## TIILITSVALDE I KYRKJELYDEN

### **Soknerådsmedlemer 2025:**

Veronica Standal, leiar, Harald Sørheim, nestleiar, Rigmor Frøyen, sokneprest, Jetvard Kalland (1.halvår), Mona Solheim, Orlog Liv Hove, Stein Torald Vonen, Åse Mari Haugnes, Gudmund Eimhjellen, Hege Merete Smådal (2.halvår).

**Varamedlemer:** Hege Merete Smådal (1.halvår), Marit Grete Våge Apneseth, Else Karin Monsen, Arvid Åsebø, Veronica Tansø. Prost Knut Magne Nesse er vara for soknepresten.

I juni/ juli flytta Jetvard Kalland ut av soknet og Hege Merete Smådal rykte opp som fast medlem.

**Arbeidsutval:** Leiar, nestleiar, sokneprest og sekretær for Naustdal sokn. Naustdal sokneråd hadde i 2025: 7 møter og handsama i alt 45 saker.

## **Dei ulike utvala har i 2025 vore samansett slik:**

**Diakoni/misjonsutval:** Jetvard Kalland (1.halvår), Orlaug Hove og Else Karin Monsen. Rigmor Frøyen

**Tru – utval:** Kyrkjelydspedagog Silje Sørebo, Hege Merete Smådal, Veronica Tansø, og Jenny Ødven Snildal

**Kyrkjelydsutval i Vevring:** Veronica Standal, Stein Torald Vonen og Marit Grete Våge Apneseth.

**Gudsteneste/musikkutval:** Erlend Os, Harald Sørheim, Gudmund Eimhjellen og Åse Mari Haugnes, Rigmor Frøyen.

**Praktisk utval:** Mona Solheim og Rigmor Frøyen.

**Representant i styret for kyrkjebladet Helg og Heim:** Arne Kleiva.

**Sunnfjord Kyrkjeleg fellesråd:** Jetvard Kalland (1.halvår) (vara: Stein Torald Vonen) Stein Torald Vonen (2.halvår) (vara: Gudmund Eimhjellen)

## **TILSETTE**

Sjå tilsette på:

Sunnfjordkyrkja: [Sunnfjord kyrkjelege fellesråd - Sunnfjord kyrkjelege fellesråd](#) eller [Naustdal sokn - Naustdal sokn](#)

Alle tilsette, utanom prest er tilsett i Sunnfjord kyrkjelege fellesråd. I lik heit med andre tilsette i Sunnfjord fellesråd, har dei mange oppgåver i dei andre sokna.

## **Saker Soknerådet har arbeid med i 2025**

Alle soknerådsmedlemmane har gjennom heile året delteke som kyrkjevertar og stilt opp til kyrkjekaffi, fasteaksjonen og som vakter på alle konsertar, gjennomført i Naustdal Kyrkje. Inngått ny avtale med NMS med Madagaskar som nytt misjonsprosjekt, den varer ut soknerådspærioden (desember 2027).

Vi har laga ferdig Brosjyre for rekruttering av frivilljuge. Arbeidet med å få laga avtale med frivilljuge er ikkje klart.

SR har kjøpt inn nye bord og stoltralle til den «nye kyrkjestova» i Naustdal kyrkje, samt ny «Dagsregister-bok» til å registrere seremoniane i kyrkja.

Til Vevring kyrkje er det innkjøp ny rullestolrampe med økonomisk støtte frå Vevring Helselag, og Vevring Grendalag.

Ringeliste ved utløyising av brannalarm i Vevring Kyrkje er oppdatert, informasjon om den er sendt til Fellesrådet og Brannvakta.

Soknerådsleiar og nestleiar var tilstades på Bjørgvinsamtalen, 6.september 2025 i Vassenden kyrkje, dette var ei samling av soknerådsmedlem frå Sunnfjord, Nordfjord og Sogn.

Soknerådet har også vedteke å sende søknad til Bjørgvin bispedøme (Riksantikvaren) om å få installere lerret og projektor i Naustdal kyrkje. Søknaden er sendt.

## GUDSTENESTELIV – ÅRSSTATISTIKK 2025

<b>NAUSTDAL</b>	<b>2025</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>
Døpte busett i Naustdal kyrkjelyd	19	26	19
Gravlagde	30	19	20
Vigde	2	5	2
Tal gudstenester i kyrkjelyden på søndagar/ helgedagar	32	33	32
Samla frammøte på gudstenester søndagar/ helgedagar	3783	3104	2992
Gjennomsnittleg frammøte på gudstenester søndagar/ helgedagar	118	94	97

<b>VEVRING</b>	<b>2025</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>
Døpte busett i Vevring kyrkjelyd	0	1	0
Gravlagde	4	5	7
Vigde	0	2	0
Tal gudstenester i kyrkjelyden på søndagar/ helgedagar	16	16	18
Samla frammøte på gudstenester søndagar/ helgedagar	560	574	655
Gjennomsnittleg frammøte på gudstenester søndagar/ helgedagar	35	36	36

### TAL OVER TAKKOFFER FOR 2025 (alle tal i NOK)

<b>TAKKOFFER TIL ANDRE</b>	<b>2025</b>	<b>2024</b>	<b>2023</b>
Naustdal kyrkje	107 395	95 814	89 934
Vevring kyrkje	23 035	22 149	22 960
Takkoffer totalt Naustdal sokn	130 430	117 963	112 894
<b>MISJONSAVTALE</b>			
Naustdal kyrkje	23 666	13 637	10 943
Vevring kyrkje	8 790	3 092	5 171
Misjonsavtale totalt Naustdal sokn	32 456	16 729	16 114
<b>I BEGGE KYRKJER</b>			
Til eige arbeid	41 381	31 219	40 533
Kyrkjemusikalsk arbeid	1 822	7 993	2 339
KN- aksjonen	41 902	47 866	35 490
Gjevarteneste	15 300	20 312	18 713

### **ARBEIDET I KYRKJELYDANE**

#### **Gudstenestelivet**

Årshjulet eit godt reiskap ved planlegging og gjennomføring av gudstenester og andre samlingar.

Vi har ca. **32 gudstenester** i Naustdal på søndagar/ heilagdagane, og fire til fem andre (skule/syng ilag). Ei fast gudsteneste i Instedalen om hausten, og friluftsgudsteneste om våren inngår i dei 32.

I fjor var det **16 gudstenester** i Vevring kyrkje. Det er ca. ein gong pr måned, tettare i periodar. Noko som vert normalen framover, med tanke på ressursbruk og storleik på kyrkjelyd. Vi leitar etter måtar å engasjere fleire i gudstenestlivet.

Dei fleste **familiegudstenester** er knytt til trusopplæring. Vi opplever å ha godt oppmøte på desse gudstenestene, gjennomsnittleg 100 eller meir. Det kan ha samanheng med store dåpsfølger; men generelt har mange med seg storfamilien på slike dagar.

I Vevring er det Familiegudsteneste med enkel middag, to gongar i året, med oppgaver for konfirmantar/ foreldre. Ei form som fungerer godt.

Nokre gudstenester som kan nemnast

**Song-gudsteneste** i juni (Naustdal) er eit godt samarbeid med pensjonistlag og frivilligsentral, med god deltaking av bebuarar frå omsorgssenteret. Kyrjekaffi og samvær på kyrkjelydshuset etterpå «toppar» dagen. Dagen har fått eit «oppsving», med besøk av Førde seniorkor. Eit verdifullt arrangement til glede for mange.

Fokus på **musikk/song i gudsteneste** i samband med Vevringutstillinga, har fått sin faste tradisjon, som vert sett pris på. Gospel/spirituals var tema i songane. Same søndagen var det invitert til konfirmantjubileum i Vevring.

**Helgemesse med minnegudsteneste** har fått si form, etter at vi flytta minnegudstenesta frå nyår til helgemesse i Naustdal. Mange pårørande uttrykkjer takksemd, og samlar familien denne dagen. Vevring er det minnegudsteneste i oktober, med varierende deltaking, då tal på gravferder varierer.

**17.mai-gudstenestene** har hatt jamn nedgang dei siste år, merkbart begge stader 59 i Naustdal og 47 i Vevring.

**Julaftan** hadde ein god auke i Naustdal, med 402 til stades. Gudsteneste kl.12:00 for barnefamiljar, var tatt vekk, for å spare ressursane på bemanninga. Tala syner at dette var ei god og gledeleg avgjersle (2024 = 283 til stades på to gudstenester). Høgtidsgudsteneste 1.juledag var ein stor kontrast, med 38 tilstades, her kan vi nok ein gong prøve å mobilisere fleire besøkande. Kor og solist på 1.juledag gjev ei god ramme og høgtid for dei som kjem.

I Vevring var det i 2025 stort frammøte med 105, ei god blanding av små og store. Mange aktørar var med begge stader, barn, unge og vaksne, med julespel, song, musikk. Gode tilbakemeldingar på at mange deltek.

**Friluftsgudsteneste:** Friluftsgudstenesta ved Vonavatnet med dåp. Det vart også teke avskil med Fredrik Bråttvik med familie. Naustdalen spelemannslag stilte opp som før; dette er eit godt samarbeid som har vorte ei felles glede gjennom mange år. Dåpsfamilien og krinsen/ sokneråd, sørga for partytelt og stolar, slik at dei fleste kunne sitje under tak.

I Vevring var det friluftsgudsteneste på Seljevollen, 53 tilstades, kaffi og mat etterpå, med god tilrettelegging frå folket på Seljevollen, samt friviljuge/sokneråd.

**Fellesgudsteneste** med Førde, i Naustdal kyrkje: Palmesøndag, med 217 i kyrkja, stor kyrjekaffi og påskeverkstad. God innsats frå Sokneråda og friviljuge. I juli er det i tillegg ei felles gudsteneste i Naustdal. Vi oppmodar til deltaking på gudsteneste i Movika rundt Olsok, og «Jazz på Jølst» første helg i haustferien.

## ANDRE AKTIVITETAR OG SAMLINGAR

Det er eit mål alt arbeidet vi gjer skal ha eit diakonalt preg; frå dei yngste til dei eldste. Å sjå menneske, at menneske blir møtt med omsorg, kjenner seg inkluderte, er verdiar vi må vere medvitne om heile tida. Ein svært viktig bit av dette er andakta på Naustdal omsorgssenter kvar onsdag, både av prest, kantor og frivilljuge. Kyrkjekaffi er også ein god og viktig møtestad med tid til prat og uformelt samvær

**Diakonale tiltak** som er gjennomført: To misjonstreff. (Misjon og diakoni) Minnegudsteneste med litt ekstra kyrkjekaffi. «Syng ilag» Fast andakt stort sett kvar onsdag på Omsorgssenteret. Kyrkjekaffi ved dei fleste gudstenester, i delar av året har konfirmantar og foreldre ansvaret. Temagudsteneste med fokus på diakoni.

**Misjon:** Misjonsgudsteneste med ny avtale for NMS, Madagaskar i begge kyrkjelydar. Markert i gudstenester og i tillegg basar i Vevring, i etterkant av gudsteneste. Flott kombinasjon. Trusopp-læring for 11-12 åringar, «Lys vaken» med basar til Madagaskar-prosjekt. Misjonstreff for konfirmantar dekke både misjon og diakoni. Fungerer godt med å ha halve kullet saman med foreldre, godt oppmøte og god inntekt til prosjekt og til innkjøp av dåpsklutar.

**Tidebøn** har også kome inn som ein fast rytme, annankvar onsdag kl.11.00 i Naustdal kyrkje. Det er tid til stille, bøn for bygd og folk, salmar og lystenning. Opplegg vert leia av både kyrkje-stab og frivillige. Her kan vi gjere meir for å gjere tilbodet kjent.

### Tid for tru i fastetida.

Fellesskap og samarbeid på tvers av sokna i Førde/ Gaular/ Naustdal/ Jølster: har vorte gjennomført tre år på rad, og har kome inn i ein god rytme. Det gjev høve til fellesskap på tvers av kyrkjelydane, åndeleg påfyll, og tid til ro og ettertanke i fastetida. Gode tilbakemeldingar på opplegg, folk set stor pris på å møte «naboane».

### Naustdal kyrkjelydshus:

Soknerådet har eit godt samarbeid med kyrkjelydshuset og nyttar huset til kyrkjekaffi, barne- og ungdomsarbeid, korverksemd og til ulike møter. Vi er avhengige av å bruke huset til desse aktivitetane, og det er praktisk å ha kort veg mellom kyrkje og kyrkjelydshus. Kafeen på kyrkjelydshuset er ein god møtestad sett i eit diakonalt perspektiv. Det er ikkje ein del av soknerådet sitt arbeid, men soknerådet ser det likevel som eit viktig arbeid i kyrkjelyden og for heile bygda. Soknerådet støttar kyrkjelydshuset med eitt offer i året.

## TRUSOPPLÆRING FOR BORN

I 2024 og 2025 vart det ikkje arrangert 1-2-3 dagar i sommarferien slik det har vore tidlegare p.g.a. at det dei siste åra var vanskeleg å få nok påmeldingar. Det er mange konkurrerande tilbod i sommarferien. Vi har heller satsa på trusopplærings-samlingar i SFO-tid/ etter skuletid på kyrkjelydshuset sidan vi ser at dette er eit tidspunkt der det er lettare å samle barna. Utfordringa med å ha samlingar rett etter skuletid kan vere at dette ikkje er eit tidspunkt der det er så lett for foreldre å bidra. Vi er difor avhengige av at andre som er ledig på dagtid kan stille som frivillige. I 2025 arrangerte vi også for første gong Lys Våken med overnatting for 11 og 12 åringar. I Vevring satsar vi på to samlingar for året, med utdeling av bøker om hausten og samling med opplegg i vårhalvåret.

## Under ser de oversikt over trusopplærings-tiltak som vi har invitert til i 2025:

Tiltak i trusopplæringa	Tal på deltak- rar	Storleik på kull/medlem)
Baby-song	30 (innom)	33
Pinsesamling for born i Vevring (2. Pinsedag)	10	12 inviterte
Bokutdeling for barn i Vevring (gudst.)	9	14
Småbarnssong 3-5 år (tre ettermiddagar på tysdagar)	23 (innom)	74
4-årssamling (mandag ettermiddag)	6	23
Utdeling av 4-årsbok i gudsteneste	14	23
6 års samling (måndag etter skuletid)	19	23
6-årsbok i gudsteneste	19	23
Tårnagent (laurdagssamling + gudst. Søndag)	17	31
9- års klubb (fire måndagar etter skuletid)	18	33
Kode B for 10 åringar (to onsdagar etter skule)	10	33
Bibelbok til 10 åringar (gudsteneste)	8	33
Lys vaken for 11 og 12 åringar. Overnatting frå laurdag til søn- dag	19	70
Konfirmantar	30	30

## KONFIRMANTAR OG UNGDOM

### KONFIRMANTAR:

**Våren 2025:** Fredrik og Silje har hatt samarbeid om konfirmantopplegget gjennom leir på Alværa og klubbkveld i Naustdal. Som året før ble det arrangert sommaravslutning for konfirmantane frå Naustdal og Jølster for 24/25-kullet på prestegarden på Ålhus. Mange frå kullet blei med.

**Haust 2025:** Nye konfirmantar tok til med introhelg og presentasjon i august, og klubbkveld og misjonstreff på hausten. Konfirmantane har hatt tenesteoppgåver i gudstenester og ved trusopplæring.

### TILBOD FOR UNGDOMMAR OVER KONFIRMANTALDER:

I juni reiste tre VGS elevar frå Naustdal på NMSU sin «Follow me»-konferanse i Lyngdal i lag med ungdommar frå Førde. Fredrik var med dei før han slutta i stillinga som ungdomsprest. 10. klassingar frå Naustdal og Jølster hadde tilbod om overnattingstur til Longevasshytta på hausten. Ein ungdom frå Naustdal var med. Det vart også arrangert treff på kyrkjelydshuset i Førde for 10. klassingar frå Naustdal og Jølster. Ca. 20 ungdommar møtte.

### BARNEHAGE- og SKULESAMARBEID

To barnehagegrupper deltok på julevandring og ei gruppe var med på påskevandring. I adventstida var det tre skulegudstenester og ei i påsketida for ungdomsskulen. To klasser var på kyrkjebesøk og lærte om kyrkjerom og kyrkjekunst. Kyrkjelydspedagog besøkte 5. klassene på

Naustdal skule og gjennomførte «Bibelsporet», eit undervisnings-opplegg med bibelforteljingar. Vi opplever å ha gode samlingar og godt samarbeid med skule og barnehagar.

## **KYRKJEMUSIKK.**

**Naustdal barnekor:** Koret har hatt øvingar store deler av året. Medlemstalet var på ca. 30 barn ved utgangen av året i alderen 2.-5. klasse. Barnekoret opptredde på fastelavnssøndag, palmesøndag, på familiegudsteneste på hausten og på julaftan. Dei hadde minikonserter på kafeen på kyrkjelydshuset siste onsdag i november og deltok på konsert i Førdehuset med Lisa Børud og andre barnekor i Sunnfjord, og dei deltok på Kyrkjelydens sin julekonsert 14. desember. Det er svært gledeleg å ha barnekor med i familiegudstenester, dei får prege gudstenesta, og ofte er både foreldre/besteforeldre med til kyrkja.

**Naustdal kyrkjekor** samlar 13 songarar, og har øvingar på onsdagar. Koret har delteke på fleire gudstenester gjennom året noko som er med på å «løfte» gudstenesta og det gjev god støtte også til salmesongen. Ein del medlemmer frå koret har dette året delteke på Mozarts Requiem, fellesprosjekt saman med Førde Kyrkjekor. Konsertar i Førde kyrkje 25.okt og Florø Kyrkje 26.okt. Naustdal kyrkjekor syng fast i Naustdal 1.påskedag, helgemesse-søndag og 1.juledag. Saman med andre deltok koret på kyrkjelyden sin julekonsert.

### **Musikarar og songarar som har delteke i tillegg til kor:**

**Konfirmasjonar i Naustdal:** Mari Therese Martinussen, Euphonium

Friluftsgudsteneste: Naustdal spelemannslag og Oddmund Frøysland , trekkspel .

**Julaftan:** Anette Holt Øyås og Nora Taule Leikanger i Vevring kyrkje. Frida L. Hove song i Naustdal kyrkje.

**1.juledag:** Hogne Kirkebø i Naustdal kyrkje

### **Konsertar med andre arrangørar i Naustdal kyrkje:**

- 6. desember: Julekonsert med «Kvitre». Ca. 250 kom til konserten.
- 10.og 11.desember: til saman tre julekonsertar med «Julesong», med rundt 400 på kvar konsert.

*Naustdal sokneråd vil rette ei stor takk til alle som har arbeidd i soknet dette året, både tilsette og alle frivillige som stiller opp til ulike oppdrag.*

*Vi opplever at kyrkja betyr mykje for mange.*

*Takk for all støtte, omsut og forbøn for kyrkja og det kyrkjelege arbeidet i Naustdal sokn.*

*For Naustdal sokneråd*

*Veronica Standal, leiar*

*Harald Sørheim, nestleiar*